

Konserveringsrapport



**Sør-Hålogaland bispedømme
Bispekåpe**

Løpenr. ved BEV: 2007-21-K



Bevaringstenestene
MUSEUMSSENTERET i Hordaland

Konserveringsoppdrag

Eier: **Sør Hålogaland Bispedømmekontor**
Tolder Holmersv. 11
8003 Bodø

Tlf.: 75 54 85 50

Oppdragsgiver: **Riksantikvaren**

Kontaktperson: **Kjersti Marie Ellewesen**

Tlf.: 982 28 712

kjersti.ellewesen@ra.no

Arbeidet utført ved: **Bevaringstenestene - Tekstil**
Museumssenteret i Hordaland
Salhusvegen 201
N-5107 Salhus/ Bergen

bevaringstenestene@muho.no

Tlf.: +47 55 25 10 87
Mobil: +47 40 40 48 59
Fax: +47 55 25 10 99

Kontaktpersonar: **Inger Raknes Pedersen**
avdelingsleiar/ tekstilkonservator NKF-N

Ida Areklett Garmann
tekstilkonservator NKF-N

Skildring av gjenstand

Bispekåpe av lamé med sølvtrådar. Kåpa er fôra med lys silkemoaré og er kanta med ein blonde knipla av sølvtråd. Den har lukning med hekter, der eine delen av hekta er festa til eit band som går på tvers over lukninga. Opprinneleg har to slike band festa kåpa saman. Desse har vore plassert ovanfor kvarandre, men det eine er no sydd fast langs halsringinga på innsida av kåpa.

Bispekåpa er heilt unik, både med tanke på utforminga og den rike dekoren, og med tanke på tilstand i forhold til alder (oppgjeve mogleg datering 1780).

Skildring av tilstand

Generelt er yttersida av bispekåpa i relativt god stand, alder teke i betrakting (oppgjeve mogleg datering 1780). Sølvtråden er stort sett blank med lite korrosjon. Det er nokre kraftige brettar i stoffet, særleg tydeleg er ein som går langs heile den venstre sidesaumen. Sølvblonden har løsna i nokre område, og nokre stadar er blonden ikkje strukturelt stabil. Laméstoffet er noko skada ved hektene, både på utsida og i føret. Fôret har ein del skadar, til dels med eldre reparasjoner. Desse skadane sitt til stor del langs halsringinga. Det er også nokre rifter i føret i nedre kant. I tillegg er det ein større skade i høgre side av føret, der ein flekk har ført til nedbryting av føret. Denne flekken har også trengt gjennom til laméstoffet, slik at flekken er synleg på framsida. Det er også ein del andre flekkar i føret. Det har også nokre vasskjoldar, og her kan ein tydeleg sjå at moarémönsteret er mindre framtredande enn i resten av føret.

Konservering/Behandling

Bispekåpa vart først tørreingjort på ut- og innside med ein mjuk børste og støvsugar på lav styrke. Det vart utført nokre rensetestar på metallet. Det vart gjort forsøk med etanol i ulike styrker, med/uten sotsvamp og med saliva. 100% etanol viste seg å vere det mest effektive. Heile utsida og sølvblonden vart dermed reingjort med etanol på bomullsstykker/bomullspinne. Dette fjerna ein god del mørk smuss frå sôlvet (sjå fig. 1).



Fig. 1 Rens av sôlvet

Saumen ved halsringinga vart så spretta for å komme til under skadane her. Det øvre lukkebandet vart også spetta av, slik at det kunne konserverast og syast på igjen med riktig plassering. Lukkebandet vart konservert ved at holet i sølvlaméen vart sydd ned til ein lapp i innfarga råsilke. Fôret i lukkebandet vart fukta med sandwichmetode (melinex, lett fukta trekkpapir, bondina, fôr, glasplater) for å kunne glatte det ut. Fôret vart så sydd ned til innfarga tynn silke i toskaft (Habotai light weight) med ein kombinasjon av leggsøm og forsting. Det vart så festa eit lag tetex over med forsting langs kantane. Blonden vart delvis demontert for å kunne sy innfarga tyll over svake områder ytterst i blonden. Blonden og fôret vart så sydd på igjen.

Fôret ved halsringinga vart så fukta og glatta med same metode som med lukkebandet. Det vart så lagt inn innfarga silke under fôret, og skadane vart sydd ned med leggsøm. Silken er delt i tre stykker, slik at den kunne klippast etter trådretninga i fôret. Det vart så klippa til nylontyll (ufarga) som vart lagt over og sydd ned som vern av den sårbarer overflata (sjå fig. 2-3).



Fig. 2 Fôr ved øvre hekte før konservering




Fig. 3 Fôr ved øvre hekte etter konservering

Fôret vart også løsna i nedre kant, slik at det kunne glattast, og skadane i fôret kunne syast ned til underliggende støttestoff i silke. Same metode som ved halsringinga vart nytta også her, men det vart ikkje sydd nylonnett over skadane i dette området, ettersom det er mindre slitasje på området og også fordi skadane ikkje var like omfattande.

Områda som er svake ved den nedre hekta, vart på rettsida sydd ned til underliggende støttemateriale av råsilke og dekka med innfarga nylontyll. I det tilsvarende området på fôret vart skaden først sydd ned med leggsøm til eit underliggende støttestoff i silke, og det vart deretter i tillegg lagt ein lapp av silke over skaden for å gi ekstra vern i dette området. Her skal hekta festast og det utgjer ei ekstra belastning på materialet (sjå fig. 4-5) .



Fig. 4 Fôr ved nedre hekte før konservering



Fig. 5 Fôr ved nedre hekte etter konservering

Svake og deformerte/rakna områder i blonden er forma tilbake så godt det lot seg gjøre, og sikra med nylontyll som er bretta rundt blonden og festa med forsting (sjå fig. 6-8).



Fig. 6 Sølvblonde før konservering



Fig. 7 Sølvblonde under konservering



Fig. 8 Sølvblonde etter konservering

Den store skaden i høgre sida av føret vart konservert ved at det vart lagt innfarga støttestoff i silke inn under skaden. Denne vart sydd til føret i ytterkant, og det vart deretter lagt eit lag Tetex (tynn polyester) over og sydd ned til framsida av føret. Det vart så sydd med forsting langs skaden i føret, slik at skaden vart låst mellom to lag stoff. Dette vart gjort fordi det ikkje lot seg gjere å sy gjennom føret ettersom det er svært stift og svært nedbrutt. Av estetiske årsakar vart det så sydd eit firkanta stykke innfarga silkestoff over heile flekken for å gjere skaden så lite iaugefallande som mogleg (sjå fig. 9-11).



Fig. 9 Høgre side av fôr før konservering



Fig. 10 Høgre side av fôr etter konservering



Fig. 11 Høgre side av fôr med påsydd silkelapp over flekken

Resultat

Alle svake områder i kåpa er no konservert og vidare utarting av skadane er bremsa. Lukkebandet som var sydd fast bak halsringinga er flytta, og dette gjer at kåpa tek seg betre ut, og lettare kan stillast ut. Det lot seg berre i liten grad gjere å glatte kåpa, ettersom fukt verka negativt på moarémønsteret. Det vart derfor berre påført fukt i dei områda der det var absolutt naudsynt for å kunne sy skadane. Fôret er derfor framleis krøllete med nokre brettar. Dei kraftige brettane i ytterstoffet vart forsøksvis redusert ved å legge på glasplater. Det hadde ein viss effekt, men stoffet reiste seg i bretten igjen etter kort tid. Materialet har nok vore bretta over så lang tid at det ikkje lar seg gjere å reversere det utan å tilføre fukt.

Kåpa er no pakka i ei spesialbygd øskje som er tilpassa etter mål.

Foto før og etter konservering



Fig. 12 Framside før konservering



Fig. 13 Framside etter konservering



Fig. 14 Bakside før konservering



Fig 15 Bakside etter konservering



Fig. 16 Ytterstoff før konservering



Fig. 17 Ytterstoff etter konservering



Fig. 18 Fôr før konservering



Fig. 19 Fôr etter konservering

Forbruksliste

Råsilke
Silke i toskaft (habotai light weight)
Nylonnett
Tetex
Skala tråd
Melinex
Trekkpapir
Draktøskjer x 2
Silkepapir
Tyvek

Råd om behandling og lagring/ preventiv konservering

Belysning: 50 lux
Luftfuktighet: 40 - 60 % RF med gradvise variasjonar på årsbasis
Pakkemateriell: syrenøytralt materiell

Salhus, 25.02.15

Ida Areklett Garmann
tekstilkonservator NKF-N

Inger Raknes Pedersen
avdelingsleiar/tekstilkonservator NKF-N